

Hornindal og Markane skyttarlag

Referat frå årsmøte 26. oktober 2017 Miniaturbana kl 18.30

1. **Godkjenning av innkalling og sakliste.**
Innkalling og sakliste vart godkjend.
2. **Val av ordstyrar.** Paul Hatledal vart vald til ordstyrar
3. **Val av referent.** Thore Heggen vart vald til referent
4. **Val av to til å skrive under møteboka.** Rita Gausemel og Knut Lillestøl vart valde
5. **Årsmelding.**
Årsmeldinga vart gjennomgått av møteleiar og godkjend med enkelte kommentarar.
6. **Rekneskap.**
Rekneskapen vart gjennomgått av kasserar og godkjend med nokre kommentarar.
7. **Orienteringssaker:**
 - 7.1 **Rehabilitering Sindre skytebane.**
Jan Flore orienterte om gjenståande spørsmål knytt til støvproblemet frå isolasjonen i båsveggane særleg ved skyting i motlys. Det har vore undersøkt om kor vidt det kunne vere brukt feil isolasjonsplater, men det fastslått at det er nytta plater iht. anbodet. Det er no avklara at DFS vil koste pålegging av duk under nettingen for å tette platene. Det er avsett midlar i DFS som kan nyttast til føremålet, men det er ikkje teke stilling til om arbeidet må gjerast før utbetaling eller om ein kan få utbetalt dette for iverksetjing til våren.
 - 7.2 **Gjennomføring av jegerprøve**
Paul orienterte om diverse spørsmål som har vore reist rundt gjennomføring av treningsskyting og oppskyting til jegerprøve. Jegerutvalet har laga eit framlegg til korleis dette skal gjerast for komande år og årsmøtet vart orientert om dette.
8. **Tilbakeføring av Sindre skytebane til Stryn kommune**
Paul orienterte om bakgrunnen for at skytebane på Sindre vart overført som hovudbane for Hornindal kommune. Ved samanslåinga av Hornindal og Volda kommunar vil skytebane følgje med – også til eit nytt samlag. Styret ser det som naturleg at skytebane ligg til Stryn kommune og innstiller til årsmøtet om at skytebane blir tilbakeført. Årsmøtet vedtok dette samrøystes.
9. **Medlemskontingent.**
Vedtak: Uendra
For 2018 vert medlemskontingenten slik:
Enkeltmedlemskap vaksne: kr 400,-
Enkeltmedlemskap barn/ungdom til og med det året dei fyller 16: kr 100,-
Støttemedlem: kr 100,-
Familiemedlemskap: Hovudmedlem kr 400,- andre i familien kr 100,- Minimum eitt familiemedlem må vere under 16 år.
Vedtaket var samrøystes
10. **Subsidiar til medlemmane.**
Vedtak:
For 2018 vert subsidiar til medlemmane slik:
Kr 1,50 pr heilmantel skot og kuler til medlemmer som skyt minst 4 DFS - konkurransar bane og felt utandørs.
Dekka førehandspåmelding til Landsskyttarstemne. (Må skyte)
Cal. 22 til rekrutt og junior. Alle medlemmer betaler ei eingongsavgift på kr. 200,- pr. år, og får då nytte rimeleg ammunisjon til alle treningar og konkurransar.
Alle som deltek på Norgescup: kr 500,- til Norgescup helgar. Unnateke NC i eige samlag og nabosamlag. **Vedtaket var samrøystes.**
11. **Avgift jaktskyting**
Vedtak: Dei som ikkje er medlemmer i Hornindal og Markane skyttarlag betaler ei eingongsavgift på kr 700,- som dekkjer treningsskot og jaktprøve. Dei som nyttar fleire våpen betaler kr. 200,- pr. våpen for nr. 2, 3, osv. "Drop in" treningsskyting kostar kr 200,- pr. kveld. Dei som deltek på jegercupen betalar eit innskot på kr 200,-. **Vedtaket var samrøystes**
12. **Budsjett.**
Kasserar gjekk gjennom framlegget til budsjett for komande år.
Vedtaket: Budsjettet vart godkjend samrøystes med eit føresett overskot på kr 13.300,-.

13. Val.

Av det sitjande styre var Paul Hatledal, Thore Heggen, Ann Therese Gausemel og Ronny Heggen på val.

Styret ser slik ut:

Paul Andreas Hatledal, formann	på val	på val 2019
Idar Nygård	ikkje på val	på val 2018
Thore Heggen	på val	på val 2019
Rita Gausemel	ikkje på val	på val 2018
Ann Therese Gausemel	på val	på val 2019
Ronny Heggen, kasserar	på val	på val 2019

Vara til styret: Susanne Hove Sollid og Inger Marie Svingeset.

Alle val var samrøystes.

Val av nemnder og utval i Hornindal og Markane skyttarlag på årsmøtet 2017.

Ungdomsutval:	Ann Therese Gausemel	leiar
	Knut Lillestøl	
Tilsyn skiveelektronikk		
Sindre og Miniaturbane:	Arild Seljeseth	leiar
	XXXXX	
Ansvarleg stemmer:	XXXXX	leiar
Data/heimeside:	Kåre Gloppestad	
Ansv. miniatyrbane:	Arild Seljeseth	
Ansv. Sindre:	Jørn Svingeset	leiar
	Gunnar Øen	
	Knut Bøe	(ansvarleg plenarbeidar)
Ansv. jegeraktivitet:	Steinar Lunde	leiar
	Ståle Räftevold	
	Rasmus Flore	
Bingonemnd:	Per Øen	leiar
	Gunnar Øen	
	Pål Heggen	
Skifeltutval:	Idar Nygård	leiar
Valnemnd for 2018:	Gunnar Øen	leiar
	XXXXX	
	Audun Gausemel	
Ammunisjonsansvarleg:	Rita Gausemel	
Revisorar:	Per Ove Kjøs	
	Roger Lillestøl	

Det vart gitt beskjed om at føresetnaden for at funksjonen som ansvarleg for miniatyrbana skulle vidareførast var at det vart gjort kjent for ansvarleg kva aktivitetar som skulle skje på bana både frå laget sjølv og frå samlaget.

Valnemnda fungerer inntil vidare og får i oppgåve å arbeide med å supplere manglande funksjonar. Dette gjeld særleg funksjonen som stemneleiar. I tillegg må ein få peika ut ein ny person til gruppa for tilsyn skiveelektronikk og supplering/erstatning av medlemmene i valnemnda. Styret med leiar tek ansvar for miniatyrstemnet i november og det vert føresett at funksjonen som stemneleiar er på plass før neste stemne deretter.

Val av utsendingar til ombodsmøte: Styret får fullmakt til å velje utsendingar.

Thore Heggen, referent

Rita Gausemel

Knut Lillestøl